



Bokn kommune

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Ungdomsrådet  
**Møtestad:** Boknahåve  
**Dato:** 01.06.2026  
**Tid:** Kl. 18:00 – 19:30

---

### Følgande medlemmer møtte Parti

Live Øvrebø  
Magne Røsdal Lund  
Nora Skjelde Prestbø  
Tobias Hatlem  
Truls Foss  
Espen Ognøy Våge  
Stian Ognøy Våge  
Sanne Øvrebø

### Andre som møtte

Lena Lønning Dybdal

### Stilling

Miljøterapeut

Merknader til innkallinga: Ingen merknadar

Merknader til sakslista: Ingen merknadar

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Truls Foss og Espen Ognøy Våge

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel                                                                          |
|---------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| 026/26  | Godkjenning av innkalling                                                           |
| 027/26  | Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til<br>signering av protokoll |
| 1       | Samlesak for drøftinger                                                             |
| 2       | Sak om redusert bussordning for unge på Bokn                                        |
| 3       | Evaluering 17. mai 2026                                                             |
| 028/26  | Samlesak for høyringar                                                              |
| 029/26  | Kulturmidlar 2026                                                                   |
| 030/26  | Eventuelt og spørsmål                                                               |

## **026/26 Godkjenning av innkalling**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

#### **Behandling**

**UNG - 026/26 Vedtak**

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

## **027/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

#### **Behandling**

Møteprotokoll vert godkjent. Truls Foss og Espen Ognøy Våge blir valde til å signere protokoll.

**UNG - 027/26 Vedtak**

Møteprotokoll vert samrøystes godkjent. Truls Foss og Espen Ognøy Våge blir valde til å signere møteprotokoll.

## **1 Samlesak for drøftinger**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

#### **Behandling**

**UNG - 1 Vedtak**

To sakar blir drøfta i møte.

## **2 Sak om redusert bussordning for unge på Bokn**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

## **Behandling**

Ungdomsrådet har tidlegare drøfta om dei skal lage sak om redusert prisar for å ta buss i kommunen. Bakgrunnen for saka er at dei såg at Ryfylke har ei ordning om gratis ungdomskort for ungdom mellom 15 - 22 år, sjå link: [Gratis ungdomskort i Ryfylke - RIKS - Ryfylke IKS](#).

Medlemma sjekker i møte kva for prisar som gjeld på kystbussen no for dei ulike aldersgruppene. Det er veldig varierte prisar ut frå kva tid du bestiller billett, og frå kva for eit busstopp du tek kystbussen frå. Dei er likevel samrøystes om at det var rimlegare enn dei trudde å ta kystbussen for born. og unge.

Forslag som kjem fram i møte:

Alle medlemma må sette seg meir inn i saken, og sjekke ut kva for tilbod som finnes i andre kommunar, og kva for eit tilbud dei ynskjar å gå vidare med.

Lage ein slags U23 billett - fast pris uansett billett, og når du kjøpar billetten.

### **UNG - 2 Vedtak**

**Ungdomsrådet vedtek samrøystes å utsette saka til hausten.**

## **3 Evaluering 17. mai 2026**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

#### **Behandling**

Ungdomsrådet seier at dei bør bli meir orientert om kva for tid dugnaden startar til vidare år. Dei er positive til å bidra, men i år blei det nok misforståelsar rundt tidspunktet for klargjering dagen før. Jobben var dermes gjort når medlemma møtte opp.

Kampen på 17. mai gjekk veldig bra, ungdomsrådet vann. Det var mange som såg på, og syrekannekasting blei svært populært.

Det var ikkje behov for å bli igjen å rydde etterpå, men ungdomsrådet er positive til å hjelpe til dersom behov.

### **UNG - 3 Vedtak**

**Ungdomsrådet vedtek samrøystes at dei ynskjer å fortsette med dugnaden knytta opp mot 17. mai vidare.**

## **028/26 Samlesak for høyringar**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

#### **Behandling**

### **UNG - 028/26 Vedtak**

## 029/26 Kulturmidlar 2026

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet i Bokn vedtek følgende fordeling av kulturmidlar for 2026:

| Lag                          |                |
|------------------------------|----------------|
| Bokn bedehus                 | 5 000          |
| Bokn historielag             | 7 000          |
| Bokn idrettslag              | 35 000         |
| Bokn KFUK/M <u>Speidarar</u> | 33 000         |
| Bokn motorsportklubb         | 35 000         |
| Bokn mållag                  | 5 000          |
| Bokn pensjonistforening      | 6 000          |
| Bokn ride og kjøreklubb      | 11 000         |
| Bokn <u>skyttarlag</u>       | 7 000          |
| Bokn sykkelklubb             | 26 000         |
|                              |                |
| §7 Spesielle tiltak          | 10 000         |
| Bokn Skytterlag (gevær)      |                |
| <b>SUM:</b>                  | <b>180 000</b> |

2. Utgiftene blir dekket av 1471.240.3850 - tilskot til foreningar, andre kulturaktivitetar.

## 01.06.2026 Ungdomsrådet

### Behandling

Ungdomsrådet meiner at det er ei fornuftig fordeling av midlene. Det er synleg at laga som omhandlar barn- og unge er vektlagt i vurderinga.

8/8 medlemmer er for forslaget.

### UNG - 029/26 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes å støtte forslaget som er lagt fram.

## 18.05.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

## **Behandling**

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing hadde kommentarar og spørsmål knytt til fordeling av Kulturmidlane for 2026. Desse tas vidare opp i Formannskapet i deira møte i juni.

### **ERPF - 013/26 Vedtak**

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing hadde kommentarar og spørsmål knytt til fordeling av Kulturmidlane for 2026. Desse tas vidare opp i Formannskapet i deira møte i juni.

## **030/26 Eventuelt og spørsmål**

### **01.06.2026 Ungdomsrådet**

#### **Behandling**

##### **Kystkuben:**

I forbindelse med søknadar om kulturmidler kjem det fram spørsmål om e-sport rommet kystkuben, og kva som skjer med bruken av rommet. Undertegnede seier at rommet er i bruk av skulen, men at det har vore variert bruk på ettermiddag / kveld. Idrettslaget trakk søknad då det har vore lite interesse frå frivillige / foreldre til å starte med e-sport. Rommet er opent når biblioteket har opent og det er vaksne tilstades. Rommet er opent under kulturcafeen på onsdagar for eksempel. Det vil utarbeidast betre retningslinjer til hausten.

Eit forslag er å leige ut rommet til private, slik som petra.

Eit anna forslag er å ansette ein ungdom som får litt lønn for å ha rommet opent nokre ettermiddagar.

##### **Sommarjobb for ungdom:**

Ungdomsrådet blir orientert om foreløpig plan for sommarveka i veke 33. Det er positivt at mange born allereie har meldt seg på. Innspel til vidare år er å endre på veka. Ungdomsrådet trur at grunnen til at det har vore få søkarar i år er at det er få som ynskjer å jobbe veka før skulen byrjar igjen. Dei trur det er betre å legge det til starten av sommarferien.

##### **Sommaravslutning:**

Ungdomsrådet ynskjer å dra på bowling og ete saman etterpå. Eit forslag er fredag 12. juni, ca. kl 17 / 18.

##### **Endring i bustadsadresse til eit medlem:**

Det kjem opp at eit medlem i ungdomsrådet skal flytte til ein annan kommune no før sommaren. Ungdomsrådet lurar på kva som då skjer med plassen i ungdomsrådet. Undertegnede tek dette vidare med kommuneadministrasjonen.

### **UNG - 030/26 Vedtak**

Ungdomsrådet blir orientert om Kystkuben, og kjem med forslag.

Ungdomsrådet blir orientert om prosjektet i veke 33, og kjem med innspel til vidare år.

Ungdomsrådet bestem dato for sommaravslutning.